Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar: 63eefdd1-a20f-445e-adea-6b05cbc26411
Vår: 23/5493 - 23/60680

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:
01.08.2023

# Uttalelse - gbnr 188/284 Gjervik ytre - søknad om byggjegrense mot kommunal veg

Eigedomsforvaltning ved avdeling vegforvaltning har fått saka om byggegrense til uttale i samband med ombygging til ny bueining i kjellar og søknad om utvida bruk av avkøyrsle til kommunal veg KV1015 S2D1, Haugvegen 7.

Kommunal veg KV1003 S1D1, del av Bruvegen, vil bli endra til gangveg når eigedomane med gnr 188 bnr 283, 187 m.fl. vert utvikla. Eigedomen ligg i dag høgare enn køyrevegen med mur mot Bruvegen. Ombygging av kjellaretasjen vil ikkje ha innverknad på avstand til Bruvegen sett frå dagens situasjon.



Når det kjem til utvida bruk av avkøyrsle ligg dagens avkøyrsle i enden av ein blindveg.
Det er viktig å påpeika at snuplass ved avkøyrsla til denne bustaden og garasjane til naboane er svært liten og det må ikkje gjerast tiltak som er til hinder eller som gjer dette arealet mindre.
Det er og viktig at sikt mot gangvegen inn til bustad på gbnr 188/259 vert utbetra i form av busktrimming.
Det er dei alminnelege reglane i «forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» som gjeld ved utvida bruk av avkøyrsle. Der er det bl.a. krav om at ein skal kunne snu på eigen grunn for å unngå rygging ut i offentleg veg.
Det må vere høve til å parkere på eigen grunn for begge bueiningane og i tillegg kunne snu på eigen grunn.

Samla sett vil det ikkje utgjere store endringar ut frå dagens situasjon om ein tillett ombygging av kjellar til leilighet/ei ekstra bueinging.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Torkjell Holm Brenna | Irene Wilhelmsen |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver kommune Plan og byggesak | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |